

# Trafikktryggleiksplan for Vinjar skule

Sist revidert: januar 2020

Godkjent SU: 08.01.2020



# Innhaldsliste

<b>Innhaldsliste</b> .....	2
<b>Innleiing</b> .....	3
<b>1. Skuleveg</b> .....	4
<b>1.1. Skuleskyss</b> .....	4
<b>1.1.1. Skulebuss</b> .....	4
<b>1.1.2. Foreldrekøyring</b> .....	4
<b>1.1.3. Droppsonar</b> .....	4
<b>1.1.4. Trafikktryggleiksutstyr</b> .....	5
<b>1.2. Elevar som går eller sykklar til skulen</b> .....	5
<b>2. Turar i skulen sin regi</b> .....	5
<b>2.1. Buss</b> .....	5
<b>2.2. Bil</b> .....	6
<b>2.3. Sykkel</b> .....	6
<b>2.4. Til fots</b> .....	6
<b>3. Risikofaktorar rundt Vinjar skule</b> .....	7
<b>3.1. Parkering</b> .....	7
<b>3.2. Kryssingspunkt</b> .....	7
<b>3.3. Varetransport</b> .....	7
<b>3.4. Skuleskyss ved skuleslutt</b> .....	7
<b>3.5. Ballbingen</b> .....	7
<b>3.6. Musikkskulen</b> .....	8
<b>4. Plan for trafikkopplæring</b> .....	8
<b>4.1. Småskulen sitt årshjul</b> .....	8
<b>4.2. Mellomtrinnet sitt årshjul</b> .....	8
<b>5. Rutinar for ulykkeshandtering</b> .....	9
<b>6. Trafikktryggleik og foreldremøte</b> .....	10
<b>7. Trafikktryggleik og dei tilsette ved skulen</b> .....	10

## Innleiing

Dette er ein sjølvstendig del av Suldal kommune sin Trafikktryggleiksplan. Planen tek utgangspunkt i kommunen sin plan og i Trygg trafikk sine kriterie for trafikksikker skule og gjeld for Vinjar skule spesielt.

Planen tar føre seg område som skuleveg, turar i skulen sin regi, risikofaktorar rundt Vinjar skule, plan for trafikkopplæring, rutinar for handtering av ulukker, trafikktryggleik som tema på foreldremøte og trafikktryggleik på tenestereiser.

Suldal kommune sin plan viser at ei forlenging av gang- og sykkelveg til Steine har prioritet A. Me viser til kommunen sin plan for desse punkta (s.21).

Denne planen gjeld frå august 2016 og skal reviderast kvart skuleår (vårhalvåret).



# 1. Skuleveg

## 1.1. Skuleskyss

### 1.1.1. Skulebuss

Vinjar skule har mange elevar som treng skuleskyss. Skuleåret 2019/2020 er det 45 elevar som har vedtak om skuleskyss. Skulen har busslommer.

Mål:

*Alle bussane som fraktar elevar skal ha godkjent sele.*

*Alle elevane skal bruka sele på bussen.*

*Elevane skal sitja i ro når bussen er i fart.*

*Det skal berre vera ein elev per sete.*

*Fartsgrensa på 40 km/t skal respekterast ved skulen.*

*Skulebussane skal respektera fartsgrensa på heile skysstrekinga så lenge det er elevar om bord.*

### 1.1.2. Foreldrekyring

Mange elevar blir køyrde til skulen i privatbilar . Det fører til mykje trafikk rundt skulen, i busslomma og på parkeringsplassen ved skulestart- og slutt.

Mål:

*Flest mogleg av elevane skal gå eller sykla til skulen.*

*Elevar skal nytta seg av godkjent trafikktryggleiksutstyr i bilen.*

*Av- og påstiging skal skje inne på skulen sin parkeringsplass og ikkje i skulen sine busslomma.*

*Alle ryggar inn i parkeringslomma.*

*Fartsgrensa skal respekterast.*

Tiltak:

*Tema på foreldremøta.*

### 1.1.3. Droppsonar

Skulen har oppmoda føresette til å bruka parkeringsplassen til droppsone.

Mål:

*Det er berre parkeringsplassen som skal nyttast til av- og påstiging.*

Tiltak:

*Tema på foreldremøta.*

#### **1.1.4. Trafikktryggleiksstyr**

##### Mål:

*Alle bussane som fraktar elevar skal ha godkjent sele.*

*Alle elevane skal bruka sele på bussen.*

*Elevar skal nytta seg av godkjent trafikktryggleiksstyr i privatbil.*

#### **1.2. Elevar som går eller sykklar til skulen**

Vinjar skule oppmodar flest mogleg om å gå- eller sykla til skulen.

Etter endring i forskrift til Opplæringslova §12-1, er det nå foreldra som avgjer om barnet skal sykla, samstundes seier forskrifta at skulen bør gi råd til dei føresette. Råda bør givast etter ei vurdering av risiko på skulevegen, og korleis sykkelopplæringa skjer på skulen, og ut frå føresetnadene til elevane. Skulen har framleis ansvar for barnet på skulevegen i følgje lov om miljøretta helsevern, og skal teikna forsikring av barn på skuleveg. Vidare har skulen ansvar for sykkelopplæring, i høve til kompetansemåla i Kunnskapsløftet (5.-7. steg) Rettleiing til skulen si leiing og FAU om sykling til skulen:

<http://www.tryggtrafikk.no>

##### Mål:

*Føresette bør gjera eleven godt kjend med skulevegen før eleven startar i 1. klasse.*

*Føresette avgjer når eleven får sykla til skulen etter ei vurdering av barnet si evne til balanse, det å kunne gi teikn til andre trafikantar, å kunne stoppa og ikkje minst kunnskap om grunnleggjande trafikkreglar.*

*Alle elevar som går eller sykklar til skulen skal bruka hjelm.*

*I haust- og vinterhalvåret er det foreldra sitt ansvar å sjekka at lyset på sykkelen fungerer.*

*Alle elevar som går/syklar til skulen skal bruka refleksvest/synleg refleksutstyr når det er mørkt/skumrar i fartstida frå 1.oktober til 31.mars.*

##### Tiltak:

*Måla over skal takast opp på foreldremøta.*

*Skulen har trygg ferdsle på skulevegen som tema i 1. klasse.*

*Skulen gjer elevane kjende med trafikksituasjonen rundt skulen.*

## **2. Turar i skulen sin regi**

Viser til Vinjar skule sin plan «Rutinar for utflukter» som gjeld fleire tilhøve rundt tur enn det trafikktryggleiksplanen legg opp til.

### **2.1. Buss**

##### Mål:

*Alle bussane som fraktar elevar skal ha godkjent sele.*

*Alle elevane skal bruka sele på bussen.*

*Elevane skal sitja i ro når bussen er i fart.*

*Det skal bare vera ein elev per sete.*

*Fartsgrensa på 40 km/t skal respekterast ved skulen.*

*Skulebussane skal respektera fartsgrensa på heile skysstrekinga så lenge det er elevar om bord.*

## **2.2. Bil**

### Mål:

*Elevar skal nytta seg av godkjent trafikktryggleiksutstyr i bilen.*

*Av- og påstiging ved skulen skal skje på skulen sin parkeringsplass.*

*Fartsgrensene skal respekterast.*

*Alle ryggar inn i parkeringslomma når ein parkerer.*

## **2.3. Sykkel**

### Mål:

*Alle skal bruka godkjent sykkelhjelm.*

*Syklane skal ha godkjent refleks.*

*Ein vaksen skal sykla først og ein vaksen skal sykla til slutt.*

*Ingen elevar får sykla aleine, utan eigen avtale med heim eller skule.*

*Både elevar og vaksne skal bruka refleksvest.*

## **2.4. Til fots**

### Mål:

*Alle elevar som går/syklar på tur skal bruka refleksvest.*

*Elevane på småskulen skal gå samla. Ein vaksen skal gå først, og ein vaksen skal gå sist.*

*Lærarar i kroppsøving, fysisk aktivitet og friluftsliv må vurdere aktivitetar utifrå*

*Trafikktryggleiksplanen.*

## **3. Risikofaktorar rundt Vinjar skule**

### **3.1. Parkering**

Vinjar skule har ein oppmerka parkeringsplass. Det er også her dei føresette skal setja av og henta barna sine. Her er det mykje trafikk rett før skulestart og ved skuleslutt. Trygg Trafikk anbefalar at bilar skal ryggast inn i luka for å sikra best oversikt ved parkering og ved utkøyinga etterpå.

### **3.2. Kryssingspunkt**

Det er gang- og sykkelsti rundt skulen.

Elevar som skal nedover følgjer gang- og sykkelsti til Hauabjør. Elevar som skal oppover følgjer gang- og sykkelsti til Hagane.

Elevane har som hovudregel ikkje lov til å kryssa riksvegen i skuletida utan at ein vaksen er med.

### **3.3. Varetransport**

All varetransport går til øvre eller nedre hovudinngang. Denne transporten skjer også i elevane sine friminutt.

#### Mål:

*Sjåførane må vera særst varsame på skuleområdet, og vakta bør kontaktast ved rygging i friminutt.*

### **3.4. Skuleskyss ved skuleslutt**

Ved skuleslutt er det nokon av skulebussane som er på plass før det ringer ut, slik at elevane kan gå direkte inn på bussen når dei kjem opp til busslomma.

Når elevar må venta på buss, blir det ofte trengsel på fortauet ved busslomma.

#### Mål:

*Bussvaktene må vera tidleg på plass for å passa på at elevane held god avstand til fortauskanten, slik at bussen kan stoppa trygt når den kjem.*

### **3.5. Ballbingen**

Ballbingen er plassert slik at ballen lett kan bli sparka ut på Riksvegen, eller på innkøyinga for varetransport.

#### Mål:

*Elevane må vera ekstra merksame når dei må henta ball i vegen. Det er viktig at dette blir tatt opp med klassane som brukar ballbingen. Ei vakt bør vera i nærleiken av ballbingen i friminutta.*

### 3.6. Musikkskulen

I lokala til Vinjar skule vert det gitt undervisning frå musikkskulen ved skuleslutt. SFO-elevane er framleis på skulen i denne tida. Om musikkskulelærarane køyrer inn på skulen sitt område, er det ein risiko for at det er trafikk på skuleplassen medan det er elevar til stades.

#### Mål:

*Musikkskulelærarane må parkera på oppmerka parkeringsplassar på skulen sin parkering. Om sjåførane i nokre tilfelle må køyra inn på skulen sitt område grunna t.d. ekstraordinære tunge løft, må dei vera særst varsame på skuleområdet og varsla personalet på SFO før dei køyrer inn på skulen sitt område.*

## 4. Plan for trafikkopplæring

Kunnskapsløftet seier at eleven skal kunna:

- Elevane skal kunne følgja trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar (Kompetansemål i kroppsøving etter 4. klasse)
- Elevane skal kunne praktisera trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel (Kompetansemål i kroppsøving etter 7.klasse)

### 4.1. Småskulen sitt årshjul

*Skulen har fått ein «Trafikkboks» frå NAF. Denne er tilpassa 1.-4. klasse. Denne boksen står i «trafikk-hylla» arbeidsrommet.*

1. klasse	-Utdeling av skulemappe med informasjon om trafikktryggleik til alle foreldre frå Trygg Trafikk (Innhald: Barn på skulevegbrosjyre, sikring av barn i bil brosjyre og sykla til skulen) -Utdeling av refleksvestar -I løpet av hausten skal elevane bli kjende i nærområdet til skulen. Snakka om farlege trafikkfeller undervegs på turen. - <a href="http://www.trafikkogskole.no">www.trafikkogskole.no</a>
2. klasse	-Skal læra om trafikkskilta som ein finn på skulevegen <a href="http://www.trafikkogskole.no">www.trafikkogskole.no</a>
3. klasse	Skal kunna dei mest aktuelle skilta <a href="http://www.trafikkogskole.no">www.trafikkogskole.no</a>
4. klasse	Sykkeldag med tryggleiksutstyr, ferdslø i trafikken og ferdighetstrening «Egghjelmdemonstrasjon»/Film på Trygg Trafikk sin Youtube-kanal

### 4.2. Mellomtrinnet sitt årshjul



5. klasse	<p>-Trafikkboka frå Trygg Trafikk Kap 8 Sykkel. Elevoppgåver og samtalebilete på <a href="http://www.tryggtrafikk.no/skole">www.tryggtrafikk.no/skole</a></p> <p>-Pålagt utstyr og sykkelhjelme, trafikkreglar, trafikkskilt, vikeplikt, sykling i vegkryss.</p> <p>-Trena på meistring av sykkelen. Ei ferdigheitsløype bør innehalda: balanse, kunne snu hovudet, stoppa, gi teikn.</p> <p>-Sykkelprøve/sluttvurdering</p> <p>-Teoriprøve.</p> <p>-Sykkelkontroll.</p> <p>-Sykkelprøve på skulen sitt område. Sykkelprøve i trafikk. Sjå forslag til øvingar i skulegard og i trafikken: <a href="http://www.tryggtrafikk.no/skole">www.tryggtrafikk.no/skole</a></p> <p>Teoriprøva kan gjennomførast på <a href="http://www.sykkelproven.no">www.sykkelproven.no</a> Sjå filmar til sykkelprøven på <a href="http://www.tryggtrafikk.no">www.tryggtrafikk.no</a></p> <p>Sykkel-/trafikkdag med politiet bør skulen/FAU gjennomføra minimum kvart 3. år</p>
6. klasse	
7. klasse	

## 5. Rutinar for ulykkeshandtering

Viser til Vinjar skule sine rutinar for utflukter, rapportering av skade og når elevar blir alvorleg sjuke eller skada.

Det skal alltid vera minst to vaksne med større grupper på tur.

Dei vaksne skal uansett lengda på turen, ha med seg mobiltelefon som ikkje står på lydlaus.

Dei vaksne skal ha med seg klasselister med telefonnummer til dei føresette.

Dei vaksne skal ha med seg medisinsk førstehjelpsutstyr.

Ved mindre skade på fot-/sykkeltur:

Ta kontakt med administrasjonen.

Ved større skade:

Ring 113 og administrasjonen.

Iverksetjing av førstehjelp for å gjera skadeomfanget så lite som mogleg. Vurder situasjonen.

Kontakt føresette snarleg etter kontakt med helsepersonell.

## **6. Trafikktryggleik og foreldremøte**

Mål:

*Trafikktryggleik skal vera eige tema på det første foreldremøtet i 1. klasse og i 5. klasse.*

*Der skal skulen sin trafikktryggleiksplan bli presentert.*

*Ved revidering av planen, må endringa takast opp på første foreldremøte på alle trinn.*

*Nytilflytta foreldre/føresette må bli gjort kjende med planen.*

## **7. Trafikktryggleik og dei tilsette ved skulen**

Mål:

*Dei tilsette skal gå føre som gode førebilete i trafikken når dei ferdast i trafikken i og rundt skulen med elevar.*

*Dei tilsette skal likeins gå føre som gode førebilete i tidsrommet dei er på arbeid, samt til og frå arbeid.*